Lærdal kommune

LÆRDALSØYRI SKULE – TILBYGG/ OMBYGGING

OPEN ANBUDSKONKURRANSE
NS 8407 TOTALENTERPRISE

Del I Konkurransebeskriving

Innhald

1. Oppdraget ... 4

1.1. Oppdragsgjevar ... 4

1.2. Konkurransegrunnlaget si oppbygging ... 4

1.3. Anskaffinga sitt føremål og omfang ... 4

1.4. Tilbodsbefaring / tilbodskonferanse ... 4

1.5. Framdriftsplan for anskaffingsprosessen ... 4

1.6. Kontrakt ... 5

1.7. Kunngjering ... 5

1.8. Tilleggsopplysningar og kommunikasjon ... 5

1.9. Endring av konkurransegrunnlaget ... 5

2. Reglar for gjennomføring av konkurransen ... 5

2.1. Prosedyre ... 5

2.2. Krav til lærlingar ... 6

2.3. Tilbodsfrist ... 6

2.4. Innlevering av tilbod ... 6

2.5. Vedståingsfrist ... 6

2.6. Deltilbod ... 6

2.7. Alternative tilbod og minstekrav ... 7

2.8. Avvik, atterhald og dokumentrang ... 7

2.9. Offentlegheit og teieplikt ... 7

2.10. Avlysing av konkurransen ... 7

3. DET EUROPEISKE EGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD) ... 8

3.1. Generelt om ESPD ... 8

3.2. Nasjonale avvisingsgrunnar ... 8

3.3. Samla angivelse for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet ... 8

4. Krav til TOTALENTREPRenørane (kvalifikasjonskrav) ... 9

4.1. Generelt om kvalifikasjonskrav og dokumentasjon ... 9

4.2. Organisatorisk og juridisk stilling ... 9

4.3. Økonomisk og finansiell kapasitet 9
4.4. Tekniske og faglege kvalifikasjonar 10
4.5. Sosial dumping og svart arbeid 10
5. Oppdragsgjevar si behandling av tilboda 11
5.1. Tildelingskriterium 11
5.2. Dokumentasjonskrav for tildelingskriteria 11
5.3. Evalueringsmetode 11
5.4. Tilbodet sitt språk 11
5.5. Tilbodsopning 12
5.6. Personopplysningar 12
6. Avslutning av konkurransen 12
6.1. Melding om val av totalentreprenør 12
6.2. Karensperiode 12
6.3. Vedlegg til konkurransebeskrivinga (Del I) 12

1. OPPDRAGET

1.1. Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Lærdal kommune («**Oppdragsgjevar**»). Kontaktperson for praktiske spørsmål i anskaffinga er prosjektleiar Jonas Edshage, telefon 905 03 663, e-post jonas.edshage@laerdal.kommune.no. Eventuelle spørsmål skal likevel sendast via spørsmålsfunksjonen i Mercell EU-supply, og ikkje på e-post til kontaktpersonen eller andre.

1.2. Konkurransegrunnlaget si oppbygging

Anskaffingsdokumenta er strukturerte i Del I – konkurransebeskrivinga – og Del II – kontraktsgrunnlaget med kontraktsdokument og krav til levering og gjennomføring. Del I omfattar tilbodsinnbyding, anskaffingsprosedyre og konkurransereglar, kvalifikasjonskrav og tildelingskriteriar.

1.3. Anskaffinga sitt føremål og omfang

Anskaffinga gjeld tilbygg og ombygging av Lærdalsøyri skule. Lærdalsøyri skule er ein fulldelt barne- og ungdomsskule for 1.–10. trinn og omfattar også SFO-avdeling, kulturskule og idrettshall/symjehall. Skulebygget består av tre byggetrinn med ulik alder og tilstand, mellom anna opphavleg skulebygg frå slutten av 1960-talet, seinare ombygging/rehabilitering, bibliotektilbygg (Fløy A), tilbygg ved idrettshall frå 2006 og rehabilitering av garderobeanlegg til symjehall i 2024.

1.4. Tilbodsbefaring / tilbodskonferanse

Det vil bli halde tilbodssynfaring på Lærdalsøyri skule den **05.08.2026 kl 12:00**. Totalentreprenørane vert oppmoda om å sende inn eventuelle spørsmål på førehand ved hjelp av meldingsfunksjonen i KGV, slik at oppdragsgjevar får høve til å førebu svara sine. Spørsmål vert anonymiserte. Referat frå tilbodsbefaringa og tilbodskonferansen vert gjort tilgjengeleg i KGV utan ugrunna opphald.

Oppmøtestad er Lærdalsøyri skule, tidlegare biblioteksinngang

1.5. Framdriftsplan for anskaffingsprosessen

Tidspunkt (uke eller dato)	Aktivitet
06.07.2026	Kunngjering av konkurranse
05.08.2026	Tilbodssynfaring

03.08-17.08.2026	Periode for å stille spørsmål
24.08.2026	Tilbodsfrist

11.09.2026	Evaluering av tilbod
14.09.2026	Tildelingsbrev utsendt
14.09-29.09.2026	Karensperiode
30.09.2026	Kontraktsinngåing
5.10.2026	Byggestart

Oppdragsgjevar atterheld seg retten til å gjere mindre justeringar i framdriftsplanen.

1.6. Kontrakt

Anskaffinga vert gjennomført som totalentreprise. Som kontraktsreglar gjeld vedlagde kontraktsdokument. Ferdigstilling og overtaking skal skje **01.10.2027.**

1.7. Kunngjering

Konkurransen er kunngjord gjennom konkurransegjennomføringsverktøyet (KGV) i Mercell EU-supply.

1.8. Tilleggsopplysningar og kommunikasjon

All kommunikasjon knytt til konkurransen, også spørsmål, skal gå gjennom spørsmålsfunksjonen i KGV.

1.9. Endring av konkurransegrunnlaget

Oppdragsgjevar kan fram til utløpet av tilbodsfristen rette, supplere eller endre konkurransegrunnlaget, så lenge endringane ikkje er av vesentleg karakter. Endringar vert formidla via KGV.

2. REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN

2.1. Prosedyre

Konkurransen vert gjennomført etter lov om offentlege anskaffingar og forskrift om offentlege anskaffingar del I og III. Konkurranseforma er open anbodskonkurranse.

2.2. Krav til lærlingar

Kontrakten vil inneholde krav til lærlinger i samsvar med forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter (FOR-2016-12-17-1708).

2.3. Tilbodsfrist

Siste frist for innlevering av tilbod er **24.08.2026 kl 12:00.** Tilbodet skal vere levert i KGV før tilbodsfristen går ut.

2.4. Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast i KGV (EU-supply) innan tilbodsfristen. Tilbodet skal vere bindande og utarbeidd på norsk.

Tilbodet skal gjevast på grunnlag av konkurransegrunnlaget som består av 0-0 Prisskjema, 0-0 Del I Konkurransebeskriving og 0-0 Del II Kontraktsgrunnlag med kontraktsdokument og krav til levering og gjennomføring, Kravsspesifikasjonar/ tekniske skildringar (Bygning - Bok 2, VVS - Bok 3 og EL - Bok 4) og vedlegg/ teikningar jf teikningsliste.

Forklaring på kva første bokstav i filnamnet på teiknefilene betyr : 0 – Overordna filer, A – ARK, B – RIB, V – RIV, E – RIE, BR – RIBR, L – LARK, F – Felles.

Tilbodet skal som minimum innehalde:

1. Tilbodsbrev
2. Utfylt ESPD
3. Utfylt prisskjema (0-0 Priskjema)
4. Dokumentasjon under tildelingskriteriet kvalitet
5. Sladda versjon av tilbod

2.5. Vedståingsfrist

Vedståingsfristen er 90 dagar.

2.6. Deltilbod

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

2.7. Alternative tilbod og minstekrav

Det er ikkje høve til å levere alternative tilbod.

Minstekrav til leveransen går fram av Del II og vedlegga.

2.8. Avvik, atterhald og dokumentrang

Det er ikkje høve til å ta vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta. Tilbod som inneheld slike vesentlege avvik, vert avviste. Andre avvik skal vere presise og eintydige, slik at oppdragsgjevar kan vurdere og prise dei utan kontakt med totalentreprenøren. Totalentreprenøren si tilvising til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vert rekna som avvik dersom dei avvik frå konkurranse- eller kontraktsføresegnene.

Ved motstrid mellom dokument som inngår i konkurransegrunnlaget, gjeld følgjande rangorden:

1. Eventuelle rettingar, suppleringar og endringar av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål og svar i anonymisert form og referat frå tilbodssynfaring/ tilbodskonferanse, publiserte eller formidla via KGV EU-Supply.
2. Del I – Konkurransebeskriving.
3. Del II – Kontraktsgrunnlag.
4. Øvrige vedlegg og bilag til konkurransen.

Dersom fleire dokument regulerer same forhold, går det dokumentet som er publisert eller formidla sist, føre. Dersom spørsmål og svar er tekne inn i referat frå tilbodssynfaring/ tilbodskonferanse, skal dette reknast som ein del av dokumenta. Opplysingar gitt på annan måte enn gjennom KGV EU-Supply er ikkje bindande for konkurransen, med mindre opplysingane seinare blir publiserte eller formidla gjennom KGV EU-Supply.

2.9. Offentlegheit og teieplikt

Anskaffinga er underlagd reglane om innsyn og teieplikt. Ved ei eventuell innsynsbegjæring vil oppdragsgjevar gjere ei konkret vurdering av kva opplysingar som kan unnatakast etter offentleglova.

Totalentreprenøren skal tydeleg merke opplysingar som totalentreprenøren meiner er teiepliktige, og bør levere ei sladda utgåve av tilbodet dersom dette er relevant.

2.10. Avlysing av konkurransen

Oppdragsgjevar har rett til å avlyse konkurransen dersom det ligg føre sakleg grunn, til dømes bortfall av planlagd finansiering eller manglande politisk godkjenning.

3. DET EUROPEISKE EGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)

3.1. Generelt om ESPD

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, at det ikkje føreligg avvisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utvelgingskriteriar skal totalentreprenøren fylle ut vedlagte ESPD skjema. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet.

Dersom fleire totalentreprenørar deltek i konkurransen i fellesskap, skal dei deltakande totalentreprenørane levere separate eigenerklæringar.

3.2. Nasjonale avvisingsgrunnar

Jfr ESPD del III: Avvisingsgrunner, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsatt i den nasjonale lovgivingen i oppdragsgjevarens medlemsstat» Dei norske anskaffelsesreglane går lenger enn kva som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EUs direktiv om offentlege anskaffelsar og i standardskjemaet for ESPD. Det presiserast difor at i denne konkurransen gjeld og alle avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriftens § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffelsesforskriften § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- § 24-2(2). I denne bestemmelsen er det angitt at oppdragsgjever skal avvise ein totalentreprenøren når han er kjent med at totalentreprenøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit forelegg for dei angitte straffbare forholda. Kravet til at oppdragsgjever skal avvise totalentreprenørar som har vedteke forelegg for dei angitte straffbare forholda er eit særnorsk krav.
- § 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD skjemaet gjeld kun alvorlege feil i yrkesutøvelsen, medan den norske avvisningsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om totalentreprenørens yrkesmessige integritet.

3.3. Samla angivelse for alle kvalifikasjonskrav i ESPD skjemaet

I denne konkurransen kan totalentreprenørane i ESPD skjemaet gi ein samla erklæring om at han oppfyller samtlege av dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette vert gjort i ESPD skjemaets del IV seksjon a.

4. KRAV TIL TOTALENTREPRENØRANE (KVALIFIKASJONSKRAV)

4.1. Generelt om kvalifikasjonskrav og dokumentasjon

Totalentreprenøren skal fylle ut ESPD ved innlevering av tilbodet som ei stadfesting på oppfylling av kvalifikasjonskrav. Fullstendig dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrava skal ikkje leverast saman med tilbodet.

Tilbydar skal ha dokumentasjon klar for ettersending ved evt etterspørsel.

Dersom totalentreprenøren støttar seg på kapasiteten til ei anna verksemd for å oppfylle krav til økonomisk og finansiell kapasitet eller tekniske og faglege kvalifikasjonar, skal det leggjast ved dokumentasjon på at totalentreprenøren rår over dei nødvendige ressursane.

Dokumentasjon frå verksemd som totalentreprenøren støttar seg på, skal leverast samtidig med totalentreprenøren si eiga dokumentasjon.

Det er totalentreprenøren sitt ansvar å dokumentere relevans og oppfylling av kvalifikasjonskrava, og oppdragsgjevar har plikt til å avvise totalentreprenørar som ikkje oppfyller krava.

4.2. Organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Totalentreprenøren skal vere eit lovleg etablert foretak.	- Norske selskap: Firmaattest - Utanlandske selskap: Dokumentasjon på registrering i bransje-/foretaksregister i etableringslandet.

4.3. Økonomisk og finansiell kapasitet

Krav	Dokumentasjonskrav
Totalentreprenøren skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre oppdraget/kontrakt.	- Kredittvurdering basert på siste kjende rekneskapstal. Vurderinga skal vere utført av kredittopplysingsverksemd og ikkje vere eldre enn 6 månader. Oppdragsgjevar tek atterhald om sjølv å innhente ytterlegare kredittrating eller anna økonomisk informasjon. Oppdragsgjevar vil gjere ei heilskapsvurdering av totalentreprenøren sin økonomiske og finansielle stilling, sett opp mot kontrakten sitt føremål og omfang. - Tilbydar stadfestar dette med eigenerklæring.

Totalentreprenøren skal ikkje vere i pågåande gjeldsakkord. Skatt og merverdiavgift: Tilbyder skal ha ordnede forhold med hensyn til skatte- og mva-betaling.	Attest for skatt og merverdiavgift. Skatte- og merverdiattest kan ikke være mer enn 6 måneder gammel.

4.4. Tekniske og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav
Det krevst tilstrekkeleg erfaring av relevant art og vanskelegheitsgrad frå tilsvarande oppdrag.	Skildring av dei mest relevante oppdraga til totalentreprenøren frå dei siste fem åra (maks tre). Skildringa skal minst innehalde: • Oppdragets namn • Oppdragsgjevar • Oppdragets verdi • Tidspunkt for leveransen • Beskrivelse av kva kontraktsarbeida gjekk ut på, herunder relevans for oppdraget i denne konkurransen • Namn på referanse hos oppdragsgjevar med telefon og e-postadresse Det er totalentreprenøren sitt eige ansvar å dokumentere at referanseoppdrag er relevante.

4.5. Sosial dumping og svart arbeid

Lærdal kommunestyre har vedteke leverandørkrav for å hindre sosial dumping og svart arbeid. Dette omfattar mellom anna krav i ILO og maksimalt bruk av eitt ledd i leverandørkjeda. Tilbydar skal signere eigenerklæring om at desse krava vert etterlevde under prosjektet. Signert eigenerklæringsskjema skal først leverast ved byggestart.

Materialleverandørar til underentreprenørar vert ikkje rekna som ledd i leverandørkjeda.

5. OPPDRAGSGJEVAR SI BEHANDLING AV TILBODA

5.1. Tildelingskriterium

Tildeling skjer til det mest fordelaktige tilbodet basert på ei heilskapsvurdering av desse kriteria:

1. Pris – vekt 85 %
2. Kvalitet – vekt 15 %

5.2. Dokumentasjonskrav for tildelingskriteria

Pris

Totalentreprenøren skal levere utfylt prisskjema som følgjer av vedlegg 0-0 Prisskjema.

Gjennomføring

Totalentreprenøren skal levere ein plan for gjennomføring av prosjektet, med skildring av korleis prosjektet skal løysast og gjennomførast, inkludert handtering av HMS. Det vil vidare bli lagt vekt på gjennomføring av RTB i byggjefasen som t.d. inneklima, støy, støv, og at det er ein framdriftsplan som er tilpassa drift i skulen etc, jfr Del II pkt 5.3. Dokumentasjonen skal inngå i utgreiinga nemnd nedanfor. Ved vurderinga vil oppdragsgjevar leggje vekt på kor konkrete, prosjektspesifikke, etterprøvbare og oppfølgjingsbare svara er.

5.3. Evalueringsmetode

Ved vurdering av tildelingskriteriet pris vil alle element i tilbodsskjemaet bli vurderte. Lågaste pris får 10 poeng, og 2 x lågaste pris (fiktiv) får 0 poeng. Det vert nytta lineær poengutrekning på prisane mellom ytterpunkta.

For kvalitetskriterium gjennomføring vil beste tilbod, vurdert etter oppdragsgjevar sitt innkjøpsfaglege skjønn, få beste score (10). Dei andre tilboda vil få score ut frå relative avvik frå beste tilbod. Tilbydar som vinn konkurransen, skal i byggjeperioden dokumentere og rapportere månadleg at oppgjevne tiltak er gjennomførte som tilbode.

Det vert presisert at pris og gjennomføringskvalitet vert evaluert separat.

5.4. Tilbodet sitt språk

Tilbodet skal vere på norsk. Skriftleg kommunikasjon mellom entreprenør, tiltakshavar og prosjekteringsgruppa skal gå føre seg på norsk.

5.5. Tilbodsopning

Det vil vere lukka tilbodsopning. Protokoll vert sendt ut først når tiltakshavar har valt totalentreprenør.

5.6. Personopplysningar

Oppdragsgjevar er ansvarleg for handsaming av personopplysingar som vert leverte som del av tilbodet. Opplysingane vert berre handsama for å gjennomføre anskaffinga og eventuell kontraktsoppfølging. Ved innsynsbegjæring vert det gjort ei konkret vurdering etter offentleglova.

6. AVSLUTNING AV KONKURRANSEN

6.1. Melding om val av totalentreprenør

Oppdragsgjevar vil skriftleg informere alle kvalifiserte totalentreprenørar i konkurransen om val av totalentreprenør for kontrakten.

6.2. Karensperiode

Karensperioden er 10 dagar, rekna frå dagen etter at meldinga vart send til totalentreprenørane. Før utløpet av karensperioden kan oppdragsgjevar ikkje inngå kontrakt.

6.3. Vedlegg til konkurransebeskrivinga (Del I)

Alle vedlegg går fram av KGV og Del II Kontraktsgrunnlag med kontraktsdokument og krav til levering og gjennomføring; Vedleggsoversikt pkt 7.